



Postmottak Lindås kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3790 - 17/36215

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

08.01.2018

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i gjeldande kommuneplan - gbnr 192/5

Med heimel i plan og bygningslova §19-1, søker grunneigar og Lindås kommune – vegavdelinga, om dispensasjon frå arealdelen i gjeldande kommuneplan for Lindås kommune (vedlegg 1). Dispensasjonen omhandlar avvik frå arealformålet i kommuneplanen (vedlegg 2) for:

1. å betre sikt i kurve og maksimalt 2m breiddeutviding av møteplass (vedlegg 3).
2. etablere tilkomstveg til hus (vedlegg 4).
3. etablere lagerplass på nordsida av avkøyrslø (vedlegg 5).

I samband med at grunneigar har søkt om avkøyrslø og etablering av veg til gardshus på eigedomen, ynskjer vegavdelinga å starte med siktutbetring av veg og møteplass langs eigedom 192/5.

Arbeidet er i samsvar med kommunestyrevedtak om utbetring av møteplassar og betre sikt i kurver langs heile Hopsdalsvegen.

Fordelen med å gjere jobben no er at vegavdelinga vil få kontroll på overvatn langs denne eigedomen når ny avkøyrslø vert etablert. Samstundes vil det verte betra sikt i kurve og møteplassen vert utvida i samsvar med prosjektteikning for Hopsdalsvegen (vedlegg 6).

Grunneigar for gbnr 192/5 har signert grunnervervskontrakt med Lindås kommune. Her er det avstått areal til den kommunale vegen og det vil bli utført kartforretning når arbeidet er utført.

Vedlagt situasjonskart, målsatt ortofoto, viser at sikt frå godkjent avkøyrslø vert i varetatt.

Vegavdelinga søker om å få nytte omlag 230m² av skrått sideareal (LNF) langs gbnr 192/5, til å utvide og siktutbetre kommunal veg Hopsdalsvegen samt etablering av grøft langs vegen.

Grunneigar ynskjer å nytte ca. 570m² til etablering av tilkomstveg mot hus (vedlegg 4) og 250m² til etablering av lagerplass (vedlegg 5).

Viser til byggesak med saksnr 17/3257, godkjent avkøyrslø i sak 17/3357 og godkjent dispensasjon frå byggegrense mot veg 17/3488. Signert kjøpskontrakt ligg i sak 16/3790.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Søknad om dispensasjon vert sendt inn av Lindås kommune – vegavdelinga på vegne av kommunen og grunneigar. Gebyr for dispensasjon frå LNF skal belastast Lindås kommune, vegavdelinga.

Vegavdelinga i Lindås kommune søker samstundes om å få utføre tiltaket med siktutbetring og vegutviding.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Kommuneplan - arealdel 192 5

Vedlegg 2 - Gårdskart NIBIO 192 5

Vedlegg 3 - Sikt og stikkrenner

Vedlegg 4 - Tilkomstveg

Vedlegg 5 - Lagerplass

Vedlegg 6 - Trafikksikringstiltak Hopsdalsvegen - Plantegning, del 3_29.06.2017_A1 1-1000

Kopi til:

Byggesaksavdelinga

Ole Jørgen Lunde

Kvernhusrenen 1 E 5208

OS

Mottakarar:

Postmottak Lindås kommune